

Sommarutstilling med fotokunst av Jorunn Larsen.

21.05.2017

SMAKIFRÅ 's sommerutstilling på OSKA i Uskedalen. Åpning 25.05.17
klokken 19:30



Stundom kan ein sjå // It's personal

fotografi og portrett frå Kvinnherad av Jorun Larsen

Jorunn Larsen presenterer fotokunst på Galleri Oska denne sommaren.

I fjor sommar var det fotokunst av Inga Tveito som pryda veggene i Galleri Oska. Kristi Himmelfartsdag kl.19.30 opnar årets sommarutstilling på Oska. Denne gongen er det også ein særdeles dyktig fotokunstnar som presenterer bilda sine. Jorunn Larsen har mellom anna fått svært rosande omtale frå foto-storleiken Morten Krogvold.

'Nytt talent i Norsk fotografi oppdaget. En ung, vakker kvinne med en melankolsk utstråling. Sjelden har jeg opplevd et ungt menneske med en slik konsentrasjonsevne. Jorun Larsen viser en arbeidsmoral som er totalt unorsk. Jeg gleder meg til fortsettelsen!' har foto-einaren Morten Krogvold uttalt om Jorunn Larsen. Ho har motteke fleire prisar for bilda sine.

Jorunn Larsen er opphavelig frå Fitjar, men gjorde kvinnhering av seg for nokre år sidan. I tillegg til at vi kjenner henne som ein særdeles dyktig fotokunstnar bak einmannsføretaket Hildring, er ho også ein skribent på høgt nivå. Begge desse evnene sine har ho m.a. gledd kvinnheringar og andre med i mange av dei flotte magasinutgåvene Kvinnheringen har gjeve ut. I fleire av desse har Jorunn Larsen vore sentral både med tekst og foto.

I sommarutstillinga på Galleri Oska viser fotokunstnaren to seriar. Den eine har fått tittelen 'Stundom kan ein sjå' som er samansett av svart/kvitt bide frå Kvinnherad. Den andre serien, 'It's personal', er ein serie portrett av personar frå Kvinnherad. Vi gler oss verkeleg til å sjå utstillinga til denne dyktige kunstnaren.

Unsker utstillingsopninga vert det også presentert smaksprøvar frå Oska sin sommarmeny, og vi får også ein forsmak på konserten som 'Katarina Lunde og co, En ire og Vivi-Ann' skal ha seinare på kvelden.

Utstillingsopninga er altså kl.19.30 på Kristi Himmelfartsdag, og det er gratis inngang til den.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto frå facebook-sida til Smakifrå.